



# Fylkesmannen i Sogn og Fjordane

Sakshandsamar: Marit Lunde  
Telefon: 57643005  
E-post: [fmsfmlu@fylkesmannen.no](mailto:fmsfmlu@fylkesmannen.no)

Vår dato  
09.11.2017  
Dykkar dato

Vår referanse  
2017/3764-  
Dykkar referanse

Kommunane i Sogn og Fjordane

## Fornyng og innovasjon i offentleg sektor - utlysng av midlar for kommunane for 2018

Fylkesmannen har sett av til saman 3,3 mill. kroner av skjønnsmidlane for 2018 til fornyng og innovasjon i offentleg sektor.

**Det vert *ei* utlysng av fornyngsmidlar i 2018 og søknadsfristen for kommunane er sett til 1. mars.**

Fylkesmannen har fastsett føringar i samråd med KS.

### Føringar for midlane i 2018.

Prosjekt som ligg innafør eit eller fleire av desse områda vil bli prioriterte:

1. Kommunale tenester til:
  - asylsøklarar og busetjing og integrering av flyktningar
  - helse og omsorg, til dømes velferdsteknologi og auka krav innanfor rus og psykiatri
2. Digital forvaltning, med vekt på brukarvenlege tenester og innhald
3. Tverrfagleg samordning mellom tenester for barn og unge:
  - vald og overgrep mot barn
  - barnevern
  - barnehage- og skulemiljø
4. Samfunnsutvikling og lokaldemokrati til dømes på desse områda:
  - planarbeid mellom anna med vekt på folkehelse
  - rekruttering
  - klimatilpassing

**Berre kommunar kan søkje.** Samarbeidsprosjekt der fleire kommunar deltek blir prioriterte. På denne måten vil vi kunne få fram større og meir overgripande prosjekt – mellom kommunar, regionar eller for heile fylket. Kommunar som er med i nasjonale prosjekt, kan få tilskot der det er ein overføringsverdi til andre kommunar i fylket.

Det vert lagt vekt på at prosjekta har ein overføringsverdi, er forankra i kommuneleiinga og hjå tilsette. Prosjekta bør gi klare kvalitetsforbetringar eller effektiviseringsgevinstar. Konkrete gjennomføringsprosjekt blir prioriterte framfor utgreiingsprosjekt. Vi gjev ikkje tilskot til investeringar i utstyr. Den kommunale eigendelen for fornyngsprosjekt er 50 prosent.

**Informasjonsstrategi**

God formidling av prosjekta som får tildelt midlar er viktig, også for å vise fram kva fylket oppnår der det er nasjonale mål og føringar. Informasjon vert lagt ut på Fylkesmannen sine heimesider, og kommunane presenterer prosjekt på sine egne heimesider.

Fylkesmannen i Sogn og Fjordane har utvikla ein ny nasjonal database på oppdrag frå Kommunal- og moderniseringsdepartementet – Prosjektskjønn. Alle søknader og rapportar skal sendast inn via denne portalen, og alle prosjekt vert presenterte på ei offentleg side i denne portalen sjå <https://prosjektskjonn.fylkesmannen.no/offentlig>

Søknadsperioden for 2018 er lagt opp frå 17.12.17. til 1.03.18.

Her er lenke til portalen: <https://prosjektskjonn.fylkesmannen.no>

Informasjon om fornyingsmidlane for 2018 vert og lagt ut på våre heimesider.

Med helsing

Gunnar O. Hæreid  
ass. fylkesmann

Marit Lunde  
seniorrådgjevar

*Brevet er godkjent elektronisk og har derfor ikkje underskrift.*